



Årsmelding for styret i Omvikdalen Idrettslag 2014

Styret har i 2014 vore samansatt slik:

Leiar: Atle Falk

Nestleiar: Jeaneth Rangseter

Kasserar: Jonny Flatebø

Styremedlem: Marie Saghaug

Styremedlem: Stig Omvik

Varamedlem: Ann Helen Lyngnes

Varamedlem: Åsmund Hjelmeland

Ski, idrettsmerkeutval, tur, spinning og trim/barnetrim, har vore nemdene som har hatt aktivitet i 2014. Leiar i kvar nemd skriv årsmelding som beskriv aktivitetsnivået for kvar einskild nemd. Nemd som ikkje har hatt idrettslege aktivitetar å vise til, har og levert eigen årsmelding for 2014.

«Ikkje dytt» har ikkje vore aktive i 2014, og leverar ikkje årsmelding i 2014.

Medlemstalet i OIL var i 2014 på 386, noko som er ein oppgang på 26 medlemmer frå 2013, ei endring som styret ser som positivt.

Styret har hatt ein møtestruktur der ein har kalla inn nemdene til annakvart styremøte. Det har vore 9 styremøter totalt i 2014.

Generellt bra aktivitet i laget og i dei einskilte nemdene, og styret takkar alle som stiller som trenarar og til dei som stiller opp i nemder. Av anna er det å ta med Idrettslaget fekk 20 000,- i av overskot frå Nuten Opp for å stilla med dugnadsfolk til arrangementet. Idrettslaget søkte og fekk 130 000,- i gåve frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad, til nytt dekke og oppgradering til ballbingen på skulen. Styret takkar alle som stilte på dugnad for å få lagt nytt dekke.

Vaknemda har gjort ein god jobb med å få på plass ein kabal i god tid før årsmøte.

Styret vil takka for dette året, og takk til alle som er med å bidra, slik at vi kan halda fram med eit idrettslag i Omvikdalen.

Helsing Styret

v/ Atle Falk

Leiar



IDRETTSMERKEUTVALET

Årsmelding for 2014.

I 2014 har kun tre personer teke idrettsmerke. Dette er fem færre enn i 2013. Vi har hatt fire samlingar. To om våren og to om hausten.

Marie Eik Nygård har fullført 50 gonger og vil med dette vera kvalifisert for 50-års merke med Norgens idrettsforbund`s diplom, underskrevet av generalsekretær og president. Me gratulerer Marie for ein framifrå flott prestasjon, over fleire år.

Eg håpar at fleire vil kunne delta i det nye året og at me kan ha eit mål på rundt ti til femten som tek idrettsmerket. Det er ein fin måte og testa eigen form og det er fleire ulike øvelsar innan dei fem ulige gruppene; spenst/presisjon, hurtighet, styrke, utholdenheit og trim.

Desse har fullført krava i 2014:

Marie Eik Nygård	50 gonger
Magne Enæs	38 gonger
Stig Dagfinn Tveiten	18 gonger

For idrettsmerkeutvalet i Omvikdalen I.L.

Stig Dagfinn Tveiten



Årsmelding frå spinninggruppa 2014

Vi held framleis til i lokalet til Grenda motell i Rosendal.
Dette fungerer fint. Vi har god plass og mulighet for god utlufting.
Etter at varmpumpa kom er det blitt kjempeflott.

Instruktører er:

Stig Dagfinn Tveiten, Wenche Godtskalksdotter Enes, Mette Cecilie Sandvik, Reidunn Seim Steffensen og Ragnhild Nes.

Ragnhild kom til igjen etter eit års «permisjon» førre sesong, medan Trine Grøtte ikkje starta opp att sesongen 14/15.

Vi har hatt 17 syklar + instruktør, men det har stort sett berre vore 15 operative.
Litt småproblem har det vore med nokre av dei andre òg. Ein del byrjar å verta gamle og utbrukte.

Ole Gunnar Næs har vore sykkelreparatør sesongen haust -13/vår -14.
Stig Dagfinn har sagt han overtar dette ansvaret for sesongen haust -14/vår -15.

Vi har 6 grupper pr. veke, med 5 instruktører. Wenche har to gonger i veka, vi andre har 1 gong.

Alle gruppene har ikkje vore fulle denne sesongen, og vi er på stadig leit etter nye spinnarar som vil vera med, enten på fast plass eller drop-in.

Vi har annonsert i Grenda og elles på facebook for å gjera det meir kjent kva tid det går an å spinna.

I løpet av hausten -14 kvitta vi oss med pengeskrinet i lokalet, slik at alle no betalar sjølv på nett og viser fram kvittering til instruktør som gjer ut klyppekort. Dette fungerer ypparleg og vi slepp å ha kontantar liggande.

For spinninggruppa

Mette Cecilie Sandvik



TURGRUPPA

Fjelltrimmen:

Det har vore rekord deltaking på fjelltrimmen i år og mande av fjelltoppane har rekord besøk. Totalt har 10337 personar har skrive seg inn i bøkene.

30 personar har fullført fjelltrimmen. Dei som har klart medalje, har fått dei levert i postenkassen.

Antall besøkjande	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Skorafjell	47	57	62	65	69	46	71
Kvanto	160	137	165	168	155	181	264
Tverrfjell	90	85	110	-	85	91	117
Gråfjell	102	78	85	63	53	58	81
Nonshaug	180	147	146	123	139	181	324
Tverfjell	122	91	100	98	109	87	238
Kviteggi	879	1030	1024	948	840	920	782
Kanten				632	580	1005	1214
Aterstad	2169	1992	2508	2609	2770	2827	3946
Bergalivegen	301	223	160	127	222	364	718
Åsen	1945	2336	1263	1378	1696	2076	2582
Sum	5995	6176	5623	6211	6718	7836	10337



Boka på Kanten

- Ilage Energi har gitt 3x500 kroner i ekstra premiar til denne boka, som blei trekte på julematinèen.

Aterstadtrimmen:

- Søndag den 21.09 var den årlege turen til Aterstad arrangert. Det vart servert bålcaffe, saft og kjeks, og tradisjonen tru så var det loddtrekking på startbillettane.

Turgruppa har hatt eit møte i år.

Takk til Håkon Guddal, Odd Karsten Huse og Svein Hjelmeland i turgruppa, for vel utført arbeid.

Helsing

For turgruppa

Jan Egil Apeland



Årsmelding skigruppa for 2014

Leiar Kjetil Mehl

Medlemmer Atle Søllesvik og Johannes Hjelmeland

Skigruppa arrangerte i 2014 eit vellykka karuselrenn, i tillegg til klubbmeisterskap.

Omvikdalen II hadde i år ansvaret for premieutdelinga etter skikarusellen. Denne vart halden i gymsalen.

Idrettslaget og skigruppa var og sterkt delaktig i gjennomføringa av Rosendal Nutenopp 2014. Noko som gav laget ei god inntekt.

Det har i haust vore trening i gymsalen i Rosendal, i samarbeid med Rosendal turnlag.

Vi skal arrangera eit karusellrenn (1.feb) + Kvinnheradmeisterskap i stafett (21.mars) denne vinteren.



TURNGRUPPA

Våren 2014 forsette gruppene som var starta opp på hausten 2013, slik årsmeldinga 2013 beskriv.

0-3 år: anna kvar onsdag.

Hausten kom gruppa seint i gong med denne trimmen, men fyrste oppstartsdag 29.10.14 var det 8 barn tilstades.

Etter dette vart oppmøtet desverre dårlegare, dei to siste gongene med trim var det berre 3 barn.

Det har våre stor variasjon i barnegruppa, mange har berre kome ein gong.

Ved oppstart igjen vil det annonserast for kvar gong det er trim! som ei påminning sida det er 14 dagar mellom kvar gong.

Gruppeleiar Jeaneth Rangsaeter

3-5 år: kvar måndag kl 17-18.

På våren 2014 hadde vi ei gruppe med barn i alderen 3-6 år. Satsingsområdet: fysisk aktivitet gjennom leik og sosialt samvær. Det var godt oppmøte gjennom heile våren.

Gruppeleiarar: Christina Hylland Fausk & Mari Ann Hellingsrud

Hausten 2014 starta vi opp med ei gruppe i alderen 3-6 år. Barnetrimmen har vore eit veldig populært tilbud og det var mange barn som møtte opp. Vi bestemte oss difor for å dele denne gruppa i to, for å gje barna eit best mogleg tilbud utifrå deira alder og modningsnivå. Slik delte vi dei: 2010/2011 barna i ei gruppe og 2009 i den andre.

2009 gruppa(skulekammeratane): Vi har vort ei gruppe på 10-12 barn. Vi har jobba med at alle barna skal bli trygge og at dei skal trivast saman på trimmen.

Satsingsområde: Utvikling av kroppsbeherskelse. Alle ungane skulle få bli kjend med øvelser som forlengs rulle og trampett.

Gruppeleiarar: Anette Eikenes og Mari Ann Hellingsrud

Gruppa 2010/2011 har hatt trening annakvar måndag. Her vert det sett ut ulike apparat, og det er mest frileik. Dei minste har ikkje same behovet for organisering.

Gruppeleiar: Ann Helen Lyngnes

Gymstick: måndagar kl 19.30 - 20.30 :

Det er damer i alderen 16 +, som fyller gymsalen kvar måndag. Oppmøtet varierer frå 14 til 20 damer. Dei har eit fast program, ca ein time med uttøying.

Trenar: Marianne Bjørnebøle

For Turngruppa: Solveig Hus Hansen